



Rettleiing i gruppe

Den forma for rettleiing i gruppe presentert her tek utgangspunkt i refleksjon over handling (sjå kapittel 3), som viser betydninga av struktur og progresjon i rettleiing, i tillegg til å nytte ein ordstyrar på omgang. I mitt doktorgradsarbeid bytta eg ordstyraren med ein fagleg rettleiar som har 30 studiepoeng vidareutdanning i rettleiing. Eg har valt å inkludere ein metasamtale som fase 8, ein samtale om rettleiingssituasjonen, slik at den ikkje er så lett å hoppe over om tida ikkje skulle strekke til. Rettleiinga bør ta utgangspunkt i eitt reelt, konkret problem, presentert av ein i gruppa (kalla vegsøkjjar). Problemet skal vere eit reelt/autentisk problem henta frå vedkommande sin praksis, og som handlar om det praktiske arbeidet i barnehagen eller skulen. Problemet skal behandlast med respekt, slik denne personen opplever det i arbeidssituasjonen, og alle i gruppa må vere samde om ei teieplikt før rettleiinga tek til. Det er ikkje eit allment problem som skal diskuterast, men eit konkret problem ein kollega har. Denne arbeidsforma er tenkt som ei systematisk arbeidsform som er integrert i barnehagens daglege praksis, der fleire rettleiingar er kopla saman med eit overordna tema. I denne samanheng vil den faglege rettleiaren ha eit hovudansvar.

Fagleg rettleiar

Leiinga kan gje mandatet om å drive med rettleiing i eit kollegium til ein fagleg rettleiar heller enn å nytte ein ordstyrar på omgang. Eit slikt grep kan bidra til å styrke rettleiing som læringsaktivitet, sjølv om dette gjev rettleiaren ein særskilt posisjon som både rettleiar og kollega. Ein fagleg rettleiar med eit særskilt ansvar både for rettleiingssituasjon og prosessen kan vere av stor verdi for rettleiing i eit læringsfellesskap. Ein lokal rettleiar kjenner gruppa og kan tilpasse rettleiinga til gruppa sin kompetanse og til konteksten og kan fortlau-pande vurdere behov for endringar av innhald og form. I tillegg kan rettleiaren vurdere det relasjonelle og hindre at det emosjonelle hindrar diskusjonen av

innhaldet i rettleiinga. I denne samanheng vil også ein fagleg rettleiar kunne skape overordna koplingar til fagkunnskap og profesjonsrolla, både internt i barnehagen og med tanke på eit eventuelt samarbeid med andre instansar.

Rettleiaren har eit hovudansvar for at prosedyren vert følgd. Alle som deltek, bør støtte opp om rettleiaren si gode styring av rettleiinga ved å vere presise og kortfatta i spørsmål og svar. Rettleiaren styrer ordet frå person til person med sola. Alle kan seie «pass» når turen kjem til dei, og melde seg på med innspel seinare sjølv om ein har sagt pass. Det er i utgangspunktet ikkje høve til å gripe ordet utanom tur med mindre det handlar om kortfatta oppklarande spørsmål om prosedyren. Den faglege rettleiaren har eit ansvar for å utfordre veksøkjjar til å presisere og konkretisere utfordringa si, også å utfordre alle deltakarane med utdjupingar og grunngevingar undervegs. Den faglege rettleiaren bør også gjerne utfordre alle deltakarane på utfordringane som er løfta inn i rettleiingsrommet, og relatere desse til eiga profesjonsrolle. Rettleiaren skal notere frå det som vert sagt i fleire av fasane (1, 2, 5 og 6), og deltek normalt ikkje sjølv med problem eller forslag. Men rettleiaren kan velje å kommentere prosessen etter kvar fase. I fase 8 har rettleiaren ansvaret for at alle i fellesskap summerer opp erfaringar og opplevingar etterpå med tanke på rettleiinga i sin alminnelegheit. Dei som deltek, venter med dei erfaringar og refleksjonar dei gjer seg undervegs, til denne samtalen, men kan gjerne notere ned tankar undervegs i løpet av dei ulike fasane.

Observatør

Ein observatør ser ein aktivitet frå utsida utan å vere direkte involvert i aktiviteten. Det inneber at gruppa vel ein deltakar som ikkje skal bidra inn i sjølve rettleiinga, men som skal observere prosess, innhald og samspel frå utsida. Det å ta i bruk observatør i rettleiingane kan tilføre nye dimensjonar. Handlingsmønster kan ofte vere skjult for dei som deltek, og kan vere lettare å oppdage for dei som ikkje er del av gruppa og den pågåande diskusjonen. Det å nytte videoopptak kan også vere nyttig, både for utvikling av rolla som rettleiar og for utvikling av måten alle deltakarane stiller spørsmål og utforskar problemet på. Gruppa kan også velje å skrive ned (transkribere) heile fase 4 slik at gruppa kan analysere eigne spørsmålsstillingar med mål om å forbetre kvaliteten på eiga rettleiing. Dette kan føre til at deltakarane oppdagar at spørsmål i mange samanhengar er råd forkledd som spørsmål.

Arbeidsmåte

Under presentasjonen av fasane nedanfor er eit forslag til fordeling av tid mellom dei ulike fasane. Deltakarane sit i ein ring utan bord eller PC, berre med penn og papir, og ordet går med sola.

Fase 1: Presentasjon (5 min)

Rettleiinga startar med at kvar deltakar kortfatta presenterer eit konkret problem/utfordring frå sin eigen arbeidssituasjon. Her blir utfordringa å kort leggje fram ei problemstilling utan utdjuping, og rettleiaren styrer dette. Deltakarane bør ikkje dikte opp eit problem, men presentere eit aktuelt yrkesmessig problem vedkommande står oppe i, eller noko vedkommande kan tenkje seg å diskutere med andre og få nye perspektiv på. Problemstillinga kan ta form som eit problem/utfordring, ein vanskeleg situasjon med barn, foreldre, kollega eller andre ein møter i yrket, som er vanskeleg å forhalde seg til. Deltakarane treng ikkje vere redde for å vere personleg, rettleiaren avklarar i forkant at gruppa har teieplikt for alt som blir diskutert i rettleiinga. Rettleiaren noterer problemformuleringane på ei tavle eller eit stort ark slik at dei er synlege for alle.

Fase 2: Problemval (5 min)

Rettleiaren leier ein runde der kvar deltakar fortel etter tur kva (kven sitt) problem, presentert i fase 1, som deltakarane ønskjer å gå nærare inn på. Gruppa bestemmer så kva problem som skal utforskast, anten ved å ta ein rask runde der alle seier kva problem dei helst vil utforske, eller ved at gruppa og rettleiaren saman vurderer kva problem det hastar å få diskutert. Nokre gongar kan ein deltakar stå i eit meir akutt problem som gruppa vel å gripe tak i. Gruppa bør ikkje slå saman problem som liknar kvarandre, rettleiinga skal ta utgangspunkt i eitt konkret problem til ein av deltakarane som skal danne grunnlaget for vidare rettleiing. Ei rettleiing hjelper ofte fleire enn den som legg fram si utfordring.

Fase 3: Utdjuping av problemet (10 min)

Vegsøkjar (problemeigar) gjer i denne fasen nærare greie for problemet, og her er det ikkje høve for andre til å stille spørsmål. Rettleiaren styrer her ordet og tida og kan be vegsøkjar om utdjupingar og grunnngjevingar der rettleiaren synest det er behov, gjerne med vekt på deltakaren si profesjonsrolle.

Fase 4: Avklaring av problem og av situasjonen (25 min)

Gjennom spørsmål og svar skal deltakarane i denne fasen prøve å setje seg inn i, prøve å forstå kva problemet går ut på frå vegsøkjar sin ståstad. Etter tur stiller kvar einskild deltakar eitt spørsmål, og vegsøkjar svarer. Målet er å få ei allsidig og grundig utgreiing av problemet. Alle deltakarane stiller eitt spørsmål kvar, og rettleiaren styrer her ordet og bør notere ned spørsmåla på ei tavle eller eit stort ark. Skriftleggjering undervegs gjev alle moglegheit til å få ei oversikt over spørsmåla som er stilt, og medan rettleiaren skriv, så blir det også gitt tid til tenking. Alle deltakarane bør vere innstilt på eit meir roleg tempo, der stillheit betyr tenkjetid. Rettleiaren kan også velje å la ordet gå meir fritt om nokre ønskjer å utvide ein annan deltakar sine spørsmål, og bygge vidare på det vegsøkjar seier. Deltakarane bør unngå råd som kamuflerte spørsmål i denne fasen (døme: Har du tenkt på at du kunne ...?). Spørsmål innleia med spørjeord som kven, kva, korleis og kva er gode til å kaste lys over saka, sidan målet i denne fasen er å få så vid og god forståing av problemet som mogleg. Fasen blir avrunda med at kvar einskild deltakar skriv ned si forståing av vegsøkjar sitt problem på eit ark.

Fase 5: Eigne løysingsforslag (5 min)

Vegsøkjar gjer i denne fasen greie for kva vegsøkjar sjølv kan tenkje seg å gjere med problemet, og rettleiaren utfordrar vegsøkjar her til å grunnngje kvifor ut frå tidlegare erfaringar, grunnleggande verdiar, læringssyn, profesjonsrolla og så vidare. Her kan rettleiaren vurdere kva som er relevant ut frå både problemet og konteksten. Rettleiaren noterer løysingsforslag/tiltak på ei tavle eller eit stort ark, men vegsøkjar er eigar av løysingsforslaga og skal godkjenne alle formuleringane.

Fase 6: Råd (15 min)

Etter tur får kvar einiskild deltakar i gruppa høve til å komme med eitt råd om gangen. Rettleiaren noterer ned råda på tavla/arket etter kvart, som ei fortsetjing på fase 5. Den som gjev rådet, skal sjølv formulere det som vert skrive ned, og rettleiaren kan utfordre med å be deltakarane grunngje rådet ut frå teoretisk, erfaringsbasert eller verdibasert kunnskap. Rettleiaren gjev rom for fleire rundar i denne fasen, for ofte kan deltakarane komme på nye råd undervegs når dei høyrer på andre. Alle deltakarane bør unngå å kommentere eller diskutere andre sine råd i denne fasen

Fase 7: Evaluering av råd (5 min)

Vegsøkjjar går igjennom lista med råd og merkar av med ein pluss for dei råd som vegsøkjjar ønskjer å starte med slik situasjonen er no, og set minus ved dei råda som anten er uaktuelle, eller som vegsøkjjar vil vente med. Rettleiaren kan her velje å be vegsøkjjar om å kommentere, om gruppa er samd om det, men det er ikkje nødvendig.

Fase 8: Metasamtale om rettleiinga (10 min)

I denne fasen har gruppa fokus på sjølve rettleiingssituasjonen der dei ulike deltakarane seier noko om korleis dei opplevde både saken som blir diskutert, og prosessen. Rettleiaren bør også gjerne initiere ein runde der gruppa tenkjer saman fram mot neste rettleiing, der dei koplur rettleiingane saman ut frå eit overordna tema relatert til profesjonsrolla eller til utvikling av kollektiv kunnskap.

Følgjande spørsmål kan vere rettleiande for denne fasen:

- Korleis opplevde vegsøkjjar (problemeigar) øvinga?
- Kva utbytte hadde vegsøkjjar (problemeigar) av rettleiinga?
- Korleis opplevde dei andre deltakarane denne rettleiinga?
- Korleis opplevde rettleiaren økta? Kva kunne vore gjort annleis?
- Kva erfaringar har deltakarane gjort seg som er viktige å ta med til neste gong?